
KRISTIN LAVRANSDOTTER



**DET
NORSKE
TEATRET**



Kjære publikum

Å trasse omgjevnadene dine, utfordre forventningane til deg og vise mot og kraft i møte med konsekvensane av vala du tar – det krev si kvinne. Anten det er Thalia, Kjersti Horn eller Kristin Lavransdotter det er snakk om. I kveld gjeld det alle tre.

Det Norske Teatret har ein ambisjon om at vi med jamne mellomrom skal strekke i formata og gjere prosjekt som utvidar forståinga av den vanlege teaterframsyninga. No er det ei stund sidan sist. Vi hadde *Andre verdskrigen – natt i verda* i 2016 og før det *Bibelen* i jubileumsåret 2013. Tida er mogen for eit nytt omfangsrikt prosjekt.

Etter at Kjersti Horn sette opp *Raskolnikov* hausten 2019 på Scene 3 var det eit sterkt ønske om at ho skulle styre spakane på den neste monumentale teaterhendinga. *Raskolnikov* var eksperimentelt. Oppsetjinga utvida teateromgrepet gjennom bruk av kamera og lerret, hadde ei lengd på 5 timar og var ein braksuksess både kunstnarleg, med rekordhøge sju Hedda-nominasjonar, og publikumsmessig, med fulle hus og ein speleperiode i Bergen. Kjersti Horn er uredde, ho kastar seg inn i det eine meir Halsbrekkande prosjektet etter det andre, men ho er samstundes omgitt av ei ro som gjer at skodespelarane kjenner seg trygge. Ho ser også moglegheiter, der andre kan kjenne på uvisse og for faste rammer.

Kjersti har meir truverd enn dei fleste når ho snakkar om korleis takle avgrensingar. Sjølv har ho kjent på utanforskap og utfordringar knytt til eigen fysikk. Kanskje er dette noko av årsaka til at ho er så god til å løyse praktiske utfordringar på kreative måtar. Som ho sjølv seier; *Å skulle setje desse tre romanane i scene er jo eit heilt umogleg prosjekt.*

Men Kjersti har eit nært forhold til bøkene, ho har prøvd seg på *Kransen* tidlegare og var veldig gira på å ta fatt på heile romanverket. Sjølv hevdar ho at det er ei gåve frå Sigrid Undset til alle oss i dag. At bøkene representerer både trøyst og rettleiing til korleis å handtere livet. Og ho var ikkje i tvil om kven som skulle spele tittelrolla.

Vi måtte nemleg finne ei Kristin som kunne tilføre nokre dimensjonar ut over Noreg i mellomalderen. Ein skodespelar som ville gjere forteljinga om livet til Kristin litt meir kontemporær, eller kanskje heller litt mindre museal. At vi valde Sara Khorami var ikkje tilfeldig. Ho tør å vere så grenseoverskridande som Kristin er.

Ifølgje Kjersti Horn har ho nesten ein liten villskap i seg sjølv. Ho er modig, kompromisslaus, sensuell og kraftfull som skodespelar, med ei utstråling som kan blåse folk av banen sjølv på dei bakre radene på Hovudscenen. Ei sånn kraft må Kristin vere, for ho er i seg sjølv eit menneske som forandrar den verkelegheita ho lever i. Og det gjer ho gjennom mot til å utfordre, gjennom å stole på magekjensla, på det ho trur på, det ho kjenner inne i hjartet sitt. *Og nett slik er Sara også. Derfor er ho perfekt for denne rolla*, seier Kjersti.

Det Norske Teatret vågar å setje opp dette meistarverket av Undset i ei moderne utgåve, til å få dette inn i scenerommet har vi heldigvis ein storleik som Kjersti Horn til å setje sin signatur på verket, og i tittelrolla står ei som i likskap med Kristin har lidenskapen, krafta og viljen som trengst.

Vel møtt i teateret!

Erik Ulfsby // Teatersjef

KRISTIN LAVRANSDOTTER

Av Sigrid Undset.

Dramatisering av Kjersti Horn og Kristian Lykkeslet Strømskag.

Omsetjing av Gunnhild Øyehaug.

Kristin	SARA KHORAMI
Erlend	PREBEN HODNELAND
Ragnfrid mfl	ANE DAHL TORP
Simon mfl	KRISTOFFER OLSEN
Lavrans mfl	JON BLEIKLIE DEVIK
Broder Edvin mfl	JOACHIM RAFAELSEN
Åshild mfl	HEIDI GJERMUNDSSEN BROCH
Gunnulf mfl	FRODE WINTHER
Eline mfl.	KAIA VARJORD
Ramborg mfl	INA SVENNINGDAL
Sira Eiliv mfl	MATHIAS STOLTENBERG
Kameraoperatør	MADS SJØGÅRD PETERSEN

Premiere 10. september 2022 på Hovudscenen

I **redaksjonen** Åsne Dahl Torp, Erlend Tårnesvik Dreiås, Ida Michaelsen **Språkkonsulent** Inger Johanne Sæterbakk

Foto Dag Jenssen. Bilda er tatt i prøvetida.

Grafisk formgjeving Maiken Mathisen **Trykk** 07 media



Regissør	KJERSTI HORN
Scenograf og kostymedesignar	SVEN HARALDSSON
Videoregissør	MADS SJØGÅRD PETTERSEN
Lyddesignar	ERIK HEDIN
Lysdesignar	TORKEL SKJÆRVEN
Dramaturg	INGRID WEME NILSEN
Inspisient	ERLEND ERKKI STAMNES
Produksjonsmedarbeidarar	HILDE NYEGGEN MARTINSEN, GRY HEGE ESPENES, CHRISTINA ØRBEKK NIKOLAISEN
Rekvisitørar	TONE BERNHOFT OSA OG ØYVIND RUSTAD JOHANSEN
Maskørar	IDA FRITHIOFF OG CAMILLA BRANDSLET
Lydteknikarar	JOSTEIN REISTAD, ANDERS SVINDAL, MORTEN JORSETT
Videoteknikarar	KNUT NIKOLAI BERGSTRØM OG RAYMOND STUBBERUD
Kostymekoordinator	TORHILD JENSEN
Lysmeistrarar	VILDE WESSEL LJUNGBERG OG CHRISTIAN MATHISEN
Scenemeister	FREDDY JENSEN
Koordinator snikkarverkstad/smie	SIRI HUNDVIN
Koordinator målar salen	LAILA MY ANANIASSEN





De steile villstier

Av Sigrun Slaggard // Foto Nasjonalbiblioteket

Ho debuterte med eit brak og opningssetninga *Jeg har været min mann utro*. Enda meir skandale vart det da Sigrid Undset kom med romanen *Jenny* i 1911. Som forfattar bora ho dristig og moderne i kjærleikens kår på same tid som ho i sitt verkelege liv levde ut hemmeleg elskov med ein gift trebarnsfar. Undset hadde i over ti år vore kontordame og skrive om natta, no framstod ho som sjølvstikker forfattar og erklærte at det var for lite levd liv i litteraturen.

Når Sigrid Undset etter sine vågale samtidsromanar vel seg 1300-talet, er det for å halde fram på villstien. *Den nye (boken) om Kristin Lavransdotter tror jeg skal bli sabla god*, skriv ho i brev til Nini Roll Anker. På dette tidspunktet var Undset trettisju år og snart trebarnsmor, ho har reist frå mannen og flytta til Bjerkebæk på Lillehammer. Kjærleiks-barnet Anders, unnfanga med den gifte kunstmålaren Anders Castus Svarstad, var fylt sju, den hjelpetrengande Maren Charlotte snart fire, og yngstemann Hans i ferd med å bli fødd. Der, innanfor tjukke tømmerveggar i Røssumstua, sat den unge diktaren med rikhaldig livserfaring og skreiv seg skarptsjåande vidare i livet til Kristin frå Sel. Da ho sette siste punktum i verket var Undset fylt førti.



Det forunderlege skjedde at gudbrandsdalsjenta frå mellomalderen greip tak i lesarane i by og land. I over hundre år har Kristin Lavransdotter vore ein av verdslitteraturens mest kjente karakterar, omdiskutert og drøfta som ein verkeleg person. Den urbane forfattaren opplevde å bli folkelesnad med livshistoria til ei bygdajente. Og det var ikkje berre lovlaus erotikk og kjærleiksdrama som trollbatt lesarane, men også dei nære og truverdige skildringane av liv og forhold i denne fjerne tida.

Byfrøkna Undset, som helst hadde trakka rundt Frognersetra eller på Bygdøy, kva kunne ho vite om Gudbrandsdalen og mellomalderen, undra somme. Men for dikteren var det ei langvarig innsamlingsreise bak verket, nesten like lang som hennar førte år lange liv. Den djupe kulturelle forankringa har eit spesielt knutepunkt nettopp på Sel.

Alt som sjuåring kom Sigrid Undset til Laurgard på Sel og tok til seg dei dramatiske historiene som faren, arkeolog Ingvald Undset, fortalde. Først om Heilag Olav som stoppa her på si ferd ned Gudbrandsdalen, og deretter om Storofsen som reiv med seg gardar, dyr og menneske i 1789. Plassen der Jørundstad ein gong låg vart peikt ut for henne, storgarden som gjekk ut av tida i storflaumen. Tretti år seinare gjenoppstod garden i den litterære forma Jørundgard i *Kristin Lavransdotter*.

Frå ho var barn hadde Sigrid Undset vent seg til å memorere, anten det var islandssagaer faren fortalde, eller gamle folkeviser hennar danske mor, Charlotte Gyth, song for henne. Mora var velutdanna, teikne- og språkkyndig. Ei av visene var om Liti-Kjersti. Vesle Sigrid omdanna tidleg kunnskapen til små teaterdrama ho spela for sine to yngre systrer, i form av sjølvteikna dokketeater.

Ofte var unge Sigrid med faren til arbeidsstaden på Oldssakssamlinga, og lærte seg å utforske både ting og tekst. Da faren døydde var ho elleve, men las alt no islandsk. Med mykje lærdom frå foreldra og god hugs, kjeda ho seg raskt på skolen, *rullet seg sammen som et pinnsvin*, og var truleg ikkje veldig ulykkeleg over å bli familie-forsørgjar med kontorjobb seksten år gammal.

Alle mine levedager lengtet jeg både etter å gå den rette veien og gå mine villstier like fullt. – Kristin Lavransdotter

Men hennar systematiske sjølv læring heldt fram, snart har ho lese Shakespeare ti gonger og brukte nettene til sigarettar og skriving. Ho vente seg også til å observere og lytte når ho vandra langs Akerselva og gjennom byen. Noveller og skrivestykke har spor av dette.

Og snart var kontordama tilbake på Sel. Her vart ho lagt merke til fordi ho så gjerne ville sitte ved peisen og høyre historier mens ho tente den eine røyken etter den andre. Sigrid Undset frita ut budeier mens ho lærte seg å sitte på krakk og mjølke, ho vart med mannfolka ut på fiske i Smuksjøen på Høvringen. Slik fekk ho historiene om utburder og attgjenge, om hulder og bergtatte kvinner. Ho plukka opp folkeforteljingar og innhenta kunnskap om gards- og seterdrift.

Her oppe var ho sommaren før debuten i 1907, bleik og med mørke ringar under auga, *så drev jeg alene omkring i vidden i timevis*, og rissa namnet sitt i tømmeret inne i ei fiskebu. Ho har levert ein omfangsrik historisk roman til Gyldendal i København og vorte refusert: *Prøv Dem ikke mer på historiske romaner*, var tilbakemeldinga. Men snart skulle ho få stipend og kunne reise til Roma, og i reisebreva ho sender heim ser vi at ho har Høvringen-landskapet med seg. Og mens ho skreiv utfordrande samtidsromanar, er det mange kjelder som viser at det historiske stoffet



Bjerkebæk - heimen til Sigrid Undset

arbeider i henne. Ho utforskar hemnmotivet i sagapastisen *Viga-Ljot og Vigdis*, og gjenfortel Artur-segnene både munnleg og skriftleg. Vennene må tole lange resiteringar av mellomalderviser. Kanskje treng ho mest av alt eigne erfaringar før ho kan forløyse stoffet ho har hatt med seg, frå Liti-Kjersti til Snorre, og dei første turane opp Gudbrandsdalen.

Og det er etter at ho har kjent seg så lykkeleg at ho kunne *kysse jorden af taknemlighed* med sin gifte elsker i Roma, fått barn og slått seg ned i ei tømra stue på Bjerkebæk, at renninga til den store veven er klar.

Ein sommar i 1917 er ho igjen tilbake på Laurgard, denne gongen med to barn og manuset til *Splinten i trollspeilet* som skal gjerast ferdig. Her sit ho i andre etasje av ein


gammel tømmerbygning, har skaffa seg barnepass og sterk kaffi. Men det gjærar også i henne med omrisset til ei Kristin som skal kome frå denne staden. *Vår tid mangler forutsetningen for Tristan og Isolde*, heiter det i manuset ho legg frå seg. Dette same året skreiv ho eit djuptpløyande essay om Brontë-systrene og bruker ord som *kjærlighetens farlighet*, og peiker på at særleg Charlotte Brontë får fram det som den gamle folkepoesien veit: *Elskoven skaper ingen lover, den bryter alle*.

Sitatet kunne stått som motto for det universet forfatterno er på veg inn i; Undset har bestemt seg for å gå tilbake til mellomalderen, der menneskas handlingar får konsekvensar. Frå detaljerte brev ho skreiv til systera Signe får vi vite at utforskaren Undset også er i gang med å ettergå fysiske forhold til sitt komande storverk, av og til med originale metodar på det ho kallar *uhyggelige kjøretøy*:

Ved to-tiden kom Dr. Müller innom og spurte om jeg ville bli med på sykebesøk oppe ovenfor Rosten, (fjelljuvet ved Laugen før Dovre) vi skulle kjøre på dresin (...) doktoren erklærte at jeg skulle bare emansipere meg litt av og til. (...) Jeg kan ikke nekte for at jeg ble litt ille til mote da jeg så dresinen – det er nemlig en enkel hjul-dresin – en banevokter sitter på og sykler og så er det bygget en liten ramme med hjul som går på skinnene – og der på rammen skulle vi stå. (...) Jeg ville i grunnen helst gått hjem igjen, men jeg syntes det var skamfullt og så rullet vi altså gjennom Rosten, gjennom en tunnel og kløv opp til den lille plassen.

Rosten skal bli eit viktig stadnamn i romanen ho byggjar på, eit viktig symbol på den nifse livsferda til Kristin. Landskapet kring Rosten kjem stadig att i alle tre banda, og særleg det stupbratte juvet der dalen spissar seg opp mot Dovre. Her understrekar Undset livsdramaet ho kastar Kristin inn i, det verket handlar om: Den store kampen for kjærleik som brøytar seg vill veg inn i livet, slik den flaumstore Laugen så ofte har gjort i dette dalføret. Raserer – og skaper liv.

Undset forankrar verket sitt geografisk og språkleg, riksmålsbrukaren legg inn lokale ord og vendingar som harmeleg og kverve, bruker ordet lagnad i staden for skjebne. Ho gjer eit stort arbeid i å ettergå skriftlege kjelder og flette historiske opplysningar saumlaust inn i forteljinga. Og datidas dyrking av Heilag Olav er like nært skildra som den levande overtrua og skikkane knytt til dei *hine* og trolldomskunst. Historiene om bergkverving og alvemøer ho har sankt på Sel og Høvingen flettar seg saman med det ho kjenner til frå mora og Grundtvigs store samling av mellomalderverser. Her, i folkepoesien, finn Undset ei ærleg og djupsindig behandling av erotikkens vesen, som at tvang og elskov ofte kan bli brukt som synonym.



Frå utdelinga av Nobels litteraturpris i 1928.

Når Sigrid Undset ein sjeldan gong kommenterte sine fiktive karakterar, fortalde ho at Kristin hadde stått henne nærmast av dei alle. Om ho da tenker på *villsinnet* ho utstyrer Kristin med, eller på den fromme, gudssøkande Kristin, går ho ikkje inn på. Kanskje seier utsegna mest om den livsprosessen forfatternen sjølv var i på det tidspunktet ho lar Kristin finne sin Gud og ei tidleg grav. Undset skulle kort tid seinare konvertere til katolisismen, og slik også formalisere skilsmissha med ektemannen.

Nobelprisen i 1928 forandra livet til diktaren i gudbrandsdalsstuene på Lillehammer. Verdskjent, og leiande medlem av Den norske Forfatterforening, markerte ho seg stadig sterkare, også i politisk front mot fascisme og nazisme i 1930-åra. I sine litterære verk sparer Undset ingen, menneska blir sett på prøve. Og slik ho testar familien til Kristin Lavransdotter, både i møte med ulovleg kjærleik og ei ufør dotter, er diktaren sjølv hardt prøvd.

Da den funksjonshemma dottera Maren Charlotte døydde i 1939 berre tjuetre år gammal, var ho midt i sorga letta: ... slik som verden er nu, (...) så er den ikke noe godt sted for et helt hjelpeløst menneske. I kampen mot Hitler skulle Undset snart få eit nytt, tungt tap. Hennar førstefødde son, avla i kjærleik som braut alle reglar, døydde i kamp mot dei framrykkande tyske soldatane ved Segalstad bru i april 1940. Da var Undset sjølv på flukt under bomberegner og redda seg over til Sverige. Først i Stockholm fekk ho vite at tjuesju år gamle Anders var skoten.

Seinare blir det lange krigsår i USA der flyktningen Undset legg bort diktning og bruker all si kraft til åndskamp mot nazismen og jødeforfølgjinga.

Da ho etter krigen kjem heim til Noreg, innser omfanget av holocaust og krigens gru, og på nytt må kjenne på sine eigne tap, er det som lyset har gått i diktarkrafta. Etter få år døyr Sigrid Undset einsam i ei sjukehusseng i 1949.

Hennar fremste minnesmerke er å finne i setningane og dei menneskenære drama ho skapte som diktar, framfor alt i *Kristin Lavransdotter*. Kan hende rakk Sigrid Undset i sine siste timar å kaste nok eit blikk ned på si kjære elv der ho renn ut i Mjøsa, ingen veit. Men setningane lever, slik ho lar si Kristin formulere kjærleikskrafta ved synet av den flaumstore Laugen:

Uti viste små mørke, truende virvler hvor strømmen gikk stri og vill og farlig under den blanke flate. Nu visste hun at slik hadde hennes kjærlighet til Erlend gått, som en stri og farlig strøm under hennes liv i alle disse årene.


Kjærleiksdiktaren som skapte slike setningar, og brukte juvet i Rosten til å få fram dramaet i Kristins livskamp, hadde i sitt eige liv gitt alt i ei tid det gufsa kaldt av. •



SIGRID UNDESET (f. 1882 – d. 1949)

- Undset ferdigstilte verket om Kristin Lavransdotter for akkurat 100 år sidan i år.
- Undset er den einaste norske kvinna som har fått Nobels litteraturpris (1928).
- Det er 140 år sidan ho blei fødd.
- Undset sjølv valde den brennande kjærleiken og stakk til Roma for å gifte seg med kunstmålaren Anders Svarstad. Da var ho alt gravid.
- Undset konverterte til katolisismen og tok namnet Søster Olave.
- *Kristin Lavransdotter* var ein internasjonal bestseljar med store lesarskarar i USA og Tyskland.
- Undset vigde mykje av livet til å hjelpe andre. Pengepremien ho fekk for Nobelprisen skjenkte ho til veldedige føremål, det meste til familiar med barn som hadde funksjonsnedsetjingar.







Den norske mellomalderen i Kristin Lavransdotter

Av Sverre Mørkhagen

Sigrid Undset hadde ein imponerande kjennskap til historia og tilhøva i Noreg i mellomalderen. Forfattar og journalist Sverre Mørkhagen har plukka ut nokre døme på det frå *Kristin Lavransdotter*.

I byrjinga av første band, *Kransen*, har Lavrans teke sju år gamle Kristin med på ei synfaring i seterfjellet. Som storbonde og gildebrotar har han lokalt ansvar for beredskap og varsling, og første stansen oppe på fjellet gjeld inspeksjon av varden på Heimehaugen. Hendinga er eit døme på den rike detaljkunnskapen til Undset i forteljinga om Kristin, Lavrans si dotter.

På seterområdet Høvringen ruver Valfjellet (samansett av orda «varde» og «fjell») der terrenget skråar bratt ned mot dalen. Vardane og vetane hadde doble funksjonar. Dei var landemerke for veg- og sjøfarande i frededelege ærend, og samstundes utgjorde dei eit varslings-system i tilfelle ufredstid. Ordet «vete» omfattar også tømmerreis plassert på ekstra synlege punkt i landskapet. Dei var tydelege landemerke, men stod samstundes – eller *skulle* stå – klare til når som helst å verte tende på. Både Frostatinglova og Gulatinglova varslar om strenge straffer knytt til vanskjøtsel eller misbruk av vetane og vardane.

Det er typisk for romankunsta til Undset at opplysningar som dette er smidd nærast umerkeleg inn i handlingsgangen. Lågadelsmannen Lavrans er representant for det kongelege nettverket utover i landet. Sjølv sagt skulle han inspisere varden også, når han var i seterfjellet.

Gardshistoria

Til og med plasseringa av den oppdikta Jørundgård, heimgarden til Lavrans og Kristin, er forankra i faktiske tilhøve. Utgangspunktet er den forsvunne storgarden Jørundstad i Sel, nordre Gudbrandsdal. I dei fleste bygdene omkring i landet finst det enkle, skildrande gardsnamn – nemningar om tidleg busetting som Bø eller By, Hage, Hov, Heim eller naturinspirerte som Berg, Vang, Fjell. Slike namn vitnar om at garden har vore ei sær sars tidleg busetting i området.

Sel er eit slikt stadnamn. Det har same opphav som verbet *sildre* og er truleg knytt til elva – Gudbrandsdalslågen renn livleg gjennom nordre delen av bygda. Men i dag har Sel ingen *gardar* med slike korte, skildrande namn. Den mest sentrale garden, Romundgard, tronar midt



Bjørnstadstunet på Maihaugen er kanskje det mest kjente gardstunet etter tradisjonelt gudbrandsdalsmønster.

i det vide rommet Sel som opnar seg nedanfor tronge og ulendte Rusten. Garden var i mellomalderen kyrkjegods og sete for prest og kyrkjelyd, slik han også framstår i romanen til Undset. Truleg har Romundgard vore ein svært tidleg stad for busetting og kanskje hatt namnet som no gjeld heile bygda; Sel. Men på eit tidspunkt har gardsnamnet i staden vorte knytt til ein framståande bonde og med det skapt ein ny skikk. Så kan skikken ha smitta frå gardsbruk til gardsbruk; andre tilsvarande gardsnamn i Sel er Olstad (av mannsnamnet *Olafr*), Ulsvollen (av *Ulfr*) – og Jørundstad (av Jørund). Den siste er utgangspunktet for Jørundgard i romanen.

Garden Jørundstad har ein gong vore – etter tilhøva – mektig og ruvande. Ettersom den låg nær

bygdeborga Steinberget inntil den austre, steile dalsida, er det mykje som talar for at den har vore opparbeidd så tidleg som i folkevandringstida – garden kan til og med ha representert ei opphaveleg busetting i området. Vestover og sørover Selsvollane rådde Jørundstad-bonden over ei rik avleiring frå elva gjennom tusenar av år. Lågen bukta seg i ein stor slyng før han til sist fann leiet sitt att vidare på austsida av dalen og rann mot tidlegare Loptsgård, noverande Otta.

Men i 1789 inntreffe katastrofen. Perioden mellom midten av 1500-talet og midten av 1800-talet går under nemninga den vesle istida. Året i førevegen, 1788, hadde vore så ekstremt kaldt at kornet fraus på åkrane før det fekk mognast, og noka issmelting i fjellet vart ikkje av. Fylgjande vår heldt fram på same viset og skapte stor fortvilning. Så gjekk det frå vondt til enda mykje verre. I juli 1789 kom omslaget med både varme og kraftig nedbør samstundes. Enorme mengder regn- og smeltevann frå fjella fossa ned gjennom dalen med enorm kraft. Vasstanden steig med opptil seks–sju meter. I Sel brøyttelva seg nytt leie rett fram i staden for den store slyngen over Selsvollane og feide med seg alle bygningane på Jørundstad. Det som hadde vore god, dyrkbar jord, vart skyld over av grus og stein. Attpåtil skapte avleiringar frå sideelvene lenger sør kompakte vollar tvers over dalen, så teigane i Sel vart myrlendte og ubrukelege. På berre nokre dagar forsvann heile den gamle storgarden Jørundstad, og Selsvollane vart til *Selsmyrene*.

Undset smyg inn ein liten kommentar i romanen til dette som skjedde meir enn fire hundre år etter

romanhandlinga, og da nyttar ho mellomalder-mennesket sin hang til tru på teikn og spådomar. Mot slutten av *Kransen*, når den bitre konflikten mellom far og dotter om Erlend endeleg går mot forsoning, aksentuerer forfattaren Undset den forløyste stemninga med eit vêromslag, frå knakande vinterkulde til mildvêr og isløysing. Lavrans ser korleis vasstanden aukar i elva. Så går han til sengs og blir liggjande og tenkje vidare.

Da kjem det:

Han lå og tenkte på at hvis flommen kom stor og overbratt, da lå få gårder i bygden så utsatt som Jørundgård. Det skulle være som en spådom om det, at engang ville elven ta den.

Etter flaumen, Storofsen, var det berre ein ussel, liten rest att av det stolte gardsbruket Jørundstad. Det har gjeve Undset moglegheit til å forme si eiga historie knytt til den forsvunne garden. Den får eit nesten likelydande namn i romanen – ikkje *Jørundstad*, men *Jørundgård*.

Garden er gjort til eit arvestykkje tilhøyrande mora – Ragnfrid. I Vågå var det ikkje mindre enn to adelsslekter med røter attende til dei norrøne hersedøma – familiane Eldjarn og Gjesling. I tidleg mellomalder ser særleg menn i Gjesling-familien ut til å ha gjort seg gjeldande som representantar for ei stadig betre organisert kongsmakt. Den dominerande stillinga til særleg Gjesling-familien gjorde Vågå til eit maktsenter – med Sel som viktig annek.

Lenger sør i dalen hadde tilsvarende samling av makt bygd seg opp på Hundorp først, så Steig. I nord låg den eldgamle, stolte garden med kongstradisjonar attende til Harald Hårfagres tid – Tofte.

I den grad verdleiken til Kristin ikkje speglast av garden ho veks opp på, vert den motivert av slektsbakgrunnen hos begge foreldra. Igjen gjeld det særleg avstammainga til mora, Ragnfrid. Ho er ein Gjesling frå Vågå. Godset deira heitte då Sundbu, i dag heiter garden Sandbu og var i matrikkelen frå 1886 delt opp i heile fem sjølvstendige bruk. Slik får Undset plassert Kristin i sjiktet like under den mektigaste og mest kjeldesikre adelen. Så kunne ho gje romanhandlinga form med kort avstand til kongsmakta og dei viktigaste aktørane i den norske historia tidleg på 1300-talet.

Karakterane og konfliktane

Ei stendig attendekomande innvending mot den heftige kjærleiken mellom Kristin og Erlend har vore at skildringa er meir prega av romantiske ideal frå 1800-talet enn av stands- og fornuftsbaserte tradisjonar kring giftarmål i mellomalderen. Difor er det interessant å sjå nærare på korleis Undset faktisk grunnjev kjærleiken deira.

Utløysande for intrigen er prestesonen i Sel, Bentein, og det vørdsause overgrepet hans mot Kristin. Mistankane som bygdefolket i etterhand rettar mot Kristin, spring ut frå ein harme i tilhøvet mellom småbønder og tenestefolk på den eine sida, og overklasse som Jørundgård-folket på den andre. Simon Darre, som er peika ut som ektemann for Kristin, nektar å tru på skuldingane som verserer i bygda – han stiller seg bak tanken om ei tids

klosteropphald for Kristin så stemninga i bygda skal kunne roe seg att. Og slik vert det.

Men kort etter at ho har kome til Oslo er det Hallvardsmesse. Byen er fylt med mykje framandfolk; handverkarar, seljarar, gjøglarar, andre speloppmakarar – og mange menneske stimlar saman i det tronge byrommet. Så bryt det ut panikk utløyst av rop om ville rovdyr som har kome seg ut av bura sine. Kristin og ei venninne frå klosteret blir skuva av trengselen til ei panisk flukt frå byrommet og opp i skråningane mot Ekebergåsen.

Når dei to jentene etter kvart skal finne vegen attende og vert overfalne av utanlandske kramkarar, stemmer det for det første med dei tyske hansaene og deira veksande grep om handelslivet tidleg på 1300-talet. Viktig for den litterære oppbygginga er at nokre av desse framande no utset Kristin for eit nytt overgrep – som kan ende med ei endeleg stigmatisering. Om ho kjem tilsjaska og oppriven frå dette intermessioet, vil rykta om ho få tak for alvor – då kan ho truleg også gløyme trulovinga med Simon Darre. Det er i denne situasjonen den galante og krigstrente Erlend kjem ridande med sine menn. Han skjønar situasjonen på ein augeblink og helseslår dei framande så dei rømmer til skogs. Det neste han gjer, er å møte Kristin med adeleg vyrdnad, han set den unge jenta på hesteryggen og får henne med all mogleg trygg handsaming attende til klosteret.

I atterhand kjem vanskane med at ho ikkje kan fortelje om denne skakande opplevinga til nokon andre – berre redningsmannen kunne ho dele erfaringa med. Slik har Undset mødesamt styrkt forklaringa av den sterke, medrivande kjærleiken mellom unge, vakre Kristin og erfarne, sjarmerande Erlend.

Kva så med Erlend?

Han er dikta inn som etterkomar av Skule Bårdsson, hertugen frå storgarden Rein i Trøndelag, som utfordra Håkon Håkonsson om kongsmakta på 1200-talet og tapte. Framstillinga av Erlend som blendande høvisk og samstundes nonsjalant og uvørden gjev ho ei forklaring på elegant vis. Kor har han denne avvæpnande vørdsløysa frå?



No må vi snakke faktisk historie. Saka er at den første representanten for Rein-slekta i Noreg var ein engelsk adelsmann. Skule Tosteson flykta med norske kong Olav Kyrre til Noreg etter det dramatiske krigstapet i 1066. Far til Olav Kyrre, kong Harald Hardråde, fall først ved Stamford Bridge, men i neste høve fall engelske kong Harald Godwinson i slaget ved Hastings, og normanniske Wilhelm Erobreren stod attende som sigerherren.

Engelske Skule var nevø av kong Harald Godwinson, og no måtte han kome seg unna Wilhelm. Olav Kyrre var framleis i England og gav han vern, og attende i Noreg gav han kongsgarden Rein på Fosen til Skule som grunnlaget for makt i hans nye, norske tilvære.

Erlend er dikta inn i etterslekta til denne Skule Tosteson, og Undset har samstundes nytta denne faktiske historia som forklaring på den briljante Erlends uvørden utanforskap i det norske kvardagslivet.

Dette er nokre døme på korleis Sigrid Undset nyttar den imponerande historiekjennskapen sin til å rotfeste diktinga i truverdige omgjevnader. Betre enn ho gjer det i *Kristin Lavransdotter* kan knapt tenkjast mogleg. •







Størst av alt er kjærleiken

Av Åsne Dahl Torp // Foto Bent René Synnevåg

Tittelrolla i *Antigone* på Hovudscenen på Det Norske Teatret, Gullruten for rolla i TV-serien *Heksejakt*, Amandapris for rolla i filmen *Ingenting å le av ...* Dei siste fire åra har vore høgdepunkt på høgdepunkt i karrieren til Sara Khorami. No ventar den kanskje største prøvelsen, i nok ei tittelrolle, nemleg som Kristin i teaterversjonen av *Kristin Lavransdotter*.

– Dette er det villaste og artigaste eg nokon gong har vore med på! Men også det skumlaste! Eg har store dosar med ærefrykt for dette stoffet, altså, seier Sara Khorami, og ser skrått på meg med alvor i blikket. Det er ikkje småtter i å skulle spele heile verket om Kristin Lavransdotter på Hovudscenen. Dette er kanskje noregslitteraturens vakraste kjærleikshistorie. Det handlar om Kristin, som lever i mellomalderen og trassar alle ho er glad i for å gifte seg med mannen ho elsker, sjølv om det fører henne til eit liv i skuldkjensle og skam. Forfattaren Sigrid Undset er det einaste norske kvinna som har fått Nobelprisen i litteratur, og den fekk ho mellom

anna for trilogien om Kristin Lavransdotter. Men Sara sit godt fram på stolen i foajeen på teateret, med olbogane kvilande på knea og hendene fletta i hop. Ho ser både bedageleg og intens ut på same tid.

– Det er så drygt å skulle gjere dette, at eg slappar av, seier ho, og andletet sprekk opp i eit stort smil og ho ler.

Publikum vil kunne oppleve alle dei tre banda om Kristin Lavransdotter kvar for seg som 2,5 timar lange framsyningar – eller alle tre på same dagen i ein 8 timar lang teatermaraton.

– Tidvis får eg litt panikk fordi det er så mykje tekst, men så er det så gøy fordi det er så godt skrive! Så eg gløymer det litt, seier Sara.

Ho lener seg tilbake og rettar litt på den blå capsen. Skodespelaren ser eigentleg ut som ho skal ut i skogen der ho sit i turbukse og singlet. Og teaterprøvane med regissør Kjersti Horn er nesten som ein lang, anstrengande marsj. Nokre dagar er ho så fysisk sliten når ho kjem heim, at ho berre må leggje seg. Andre dagar er ho så gira at ho ville ha jobba mykje lenger.

– Eg skal jo spele ut eit heilt liv her, da. Frå eg er 6-7 år til eg døyr i ein alder av nokon og førti, seier Sara, og eg skjønar at ho eigentleg snakkar om Kristin-karakteren. Skodespelarar snakkar ofte om karakterane sine i eg-person i prøveperioden.

– Så jobben er jo å gjere det på ein truverdig måte, og ha overskot til å fortelje historia ... Og akkurat det er eg litt spent på! Når vi går inn i den sjuande timen, der, seier Sara og ler godt, så det verkar som at ho eigentleg kjenner seg trygg på at det skal gå bra.

Ekteskapsproblem til lunsj

Nokre veker tidlegare er Sara å observere på ein benk på takterrassen utanfor teaterkantina. Ho har vilt hår som ser nesten ugredd ut i ein uvørden tull på hovudet. Hårtullen vagnar hit og dit når ho pratar. Ho sit i lag med Erlend, eller Preben Hodneland, og begge sit med beina i kors i ein intens samtale medan dei røyker sigarettane ned til filteret og gestikulerer ivrig. Han har ei knekt tå og slippers på. Dei ser nesten ut som eit gamalt ektepar som «ikkje kranglar, men berre diskuterer» der dei sit.

– Kva var det de snakka om der ute? spør eg når dei kjem småfnisande inn i kantina for å ete. Dei vekslar blikk og bryt ut i latter.

– Sex! I dag snakkar vi om sex! forklarar dei nærast i kor.

– Det er så mykje sex her. Korleis skal vi løyse det utan at det blir kleint, liksom?

Ikkje noko kostymedrama

Nokre dagar seinare, nede i prøvesalen, spring skodespelarane rundt med parykkar og lausskjegg. Sara har på seg caps, singlet, olabukse og sneakers. Ho ser tøff ut, men ikkje slik ein kanskje har tenkt seg Kristin Lavransdotter. Her er ingen mellomalderkjole eller kapper. Om det er private klede eller prøve-kostyme, er ikkje så godt å seie, for ingen av skodespelarane skal ha på seg særskilt kostymete klede.

Dei skal ha på seg noko som kunne ha vore deira private garderobe, og kanskje eit lausskjegg eller ein parykk

i tillegg. Men her er det altså ikkje kostyma som skal skape ein illusjon om at skodespelarane er nokon andre enn den dei er, eller at Sara er Kristin. Det er ein leik publikum må bli med på, gjennom korleis skodespelarane fortel historia i samspel med dei andre elementa teateret har å by på.

– Vi er ei felles forteljarstemme heile ensemblen. Vi både fortel og spelar ut dialogar alle saman.

Frå høgtalarane i prøvesalen tonar ambient musikk med ein vakker felemelodi, som kanskje kan høyrast litt mellomaldersk ut. Scenen er tom, bortsett frå nokre plastrmøbel av den billegaste typen til hagebruk. Det er framleis mange månader til premieren, og den delen av boka dei jobbar med i dag, er ikkje ferdig omsett enno. Skodespelarane står derfor og halvvegs les tekst på Undsets riksmål på ein skjerm over borda der regissøren og alle andre involverte sit og følgjer med på prøven. Ein skodespelar treng ein stol – og ein annan spring til og ordnar dette raskt. Dei stiller seg somme tider på utsida av rolla, ler og gir små kommentarar til handlinga. Skodespelarane gir det dei kallar «tilbod» til regissør Kjersti Horn, som ho kan ta med eller forkaste, ettersom dei leikar seg gjennom teksten.

Korleis er det å veksle mellom å vere forteljarstemme og det å spele ei rolle?

– Utfordrande! kjem det kontant.

– Fordi teksten må sitje så godt. Det er jo mange ord og vendingar her som ikkje er heilt naturlege for meg å seie, og da må teksten sitje veldig bra. Eg må vite veldig godt kva eg snakkar om, og kva alle andre snakkar om, samtidig som eg skal ha overskot til at eg kvart augneblikk (ho knipsar med fingrane og kneisar med nakken medan ho tek ein kunstpause) må gå inn i ein situasjon der nokon plutsleg døyr og liksom – tru på det. Samtidig skal vi fortelje det vi fortel som den karakteren vi spelar. Så dette er ganske utfordrande reint skodespelarteknisk, forklarar Sara.

Kamera på scenen

Enda nokre veker er gått, og produksjonen har flytta frå prøvesalen i kjellaren til den store Hovudscenen, eit rom Sara har lært å ta plass i etter at ho spelte rolla som Antigone. Scenegolviet dekt med plast. Mads Sjøgård Pettersen filmar det som skjer. På tre gigantiske lerret på scenen kan publikum sjå nærbiletet av skodespelarane. Dei øver på scenen der Ulvhild, veslesøstera til Kristin, får ein tømmerstokk over seg og blir kvesta for livet. Det er ingen tømmerstokk på scenen, men skodespelarane fortel kva som hender. Ina Svenningdal spelar rolla som Ulvhild, og ho slenger seg ned på scenegolviet og vrir seg i smerte og vræler. Ein må ha eit hjarte av stein for ikkje å bli rørt av det som hender. Kristin blir kasta på dør og må passivt sjå på kva som skjer. Gjennom nærbiletet av Sara kjem vi tettare på Kristin si oppleving av handlinga, sjølv om Sara ikkje har replikkar. Ho stirer på veslesøstera og auga svømmer over.




Vi kjem tett på handlinga i Kristin Lavransdotter. Her er Kristin og Erlend i ein kjærleiksscene, og dei store lerreta som skal vere på scenen blir testa. Foto: Kjersti Horn.

Tilbake i foajeen på teateret like før ferien slår inn, kommenterer Sara det å ha kamera på scenen:

– Dette er jo teater og film! Det beste eg veit!

Men ho innrømmer at det er både ei utfordring og ein fordel ikkje å vite om ho skal lage eit bilete for film, eller ta større plass og spele med "teater-kropp" på den store scenen:

– Det gjer også at vi kan ta nokre scenar heilt ned og kviskre til kamera, for så berre (ho slår ut med armene) å dytte kameraet vekk og ha ein eksplosiv teaterscene. Med volum! seier ho, med trykk på o-en i ordet, og ler igjen.



Skodespelarar, teknikarar og scenograf Sven Haraldsson diskuterer korleis dei skal løyse ein scene der far til Kristin, Lavrans, drep ein okse, og blodet bokstaveleg talt skal flyte på scenen. Foto: Kjersti Horn.

Fan av Sigrid Undset

Men korleis er det, egentleg, å skulle gi liv til ei av noregs-litteraturens største superkjendisar?

– Eg må ærleg innrømme at eg ikkje visste særleg mykje da eg fekk vite om dette prosjektet. Eg hadde høyrte om *Kristin Lavransdotter* og Sigrid Undset. Og eg visste at ho hadde fått Nobelprisen i litteratur, seier Sara, og legg til at ho synest det er pinleg at den yngre generasjonen ikkje veit meir om forfattaren. Og no er Sara tydeleg engasjert, og snakkar fort på både inn- og utput.

– Ho var jo ei føregangskvinne! Ho gøynde nordmenn med

jødisk bakgrunn under andre verdskrigen og måtte flykte til USA. Det kan faktisk hende at ho også hadde ein påverknad på USA si innblanding i krigen. Ho hadde ein son som døydde under krigen. Ho konverterte til katolisismen. Ho hadde ei dotter med psykisk utviklingshemming, og donerte ein masse pengar til foreldre med sjuke ungar... seier skodespelaren og trekker pusten.

Gjennom nærbileta av Sara kjem vi tettare på Kristin si oppleving av handlinga.

– På mange måtar kan ein kanskje seie at Knut Hamsun «stole her shine» litt. Men for meg, så er Undset den største vi har, altså, erklærer Sara, og orda strøymmer inspirert ut av henne om kor imponert ho er over Undsets formidling av korleis folk levde på 1300-talet, korleis ho skildrar ulike karakterar i djupna, og korleis ho skriv om amming, brystsprenge og fødsel.

– Altså, ho veit så mykje om korleis ein levde, tedde seg, korleis dei prata i mellomalderen. Og det var sjeldan nokon skreiv på denne måten om å vere kvinne! Det er så moderne, meiner ho.

Moderne samlivsproblematikk

Kristin Lavransdotter var egentleg lova bort til den litt eldre og respekterte Simon Darre, men forelskar seg hovudstups i riddaren Erlend Nikolausson. Men han har barn som er fødte utanfor ekteskap med ei dame som var gift med ein

annan medan dei hadde eit forhold - så saka er komplisert. Faren til Kristin nektar dei to i det lengste å få kvarandre. Til slutt får dei likevel gifte seg, men da har Kristin allereie Erlends barn i magen.

– Og det er jo det same vi held på med i dag. Det er sex og svik og kjærleik, og sjølvforakt og skam og angst. Mennesket på søken. Mennesket i kamp med seg sjølv. Det er jo det same! seier ho, og slår ut med armene.

Men det høyrest kanskje litt mørkt ut?

– Ja, men det er også veldig lett! Det er kjærleik, mykje lidenskap og krangling og ... eg håpar det blir slik at ein kan kjenne seg igjen i det, og at ein glimtvis kan få kjensla av at «men dette er jo mitt liv!». Det er målet.


– Men dette med skamma ...

– Å Gud! Det er nesten det som er det mest hjerteskerande for meg i heile stykket. For ein følgjer jo Kristin frå ho er ei lita jente. Og ho er. Så. Fri! seier Sara, med trykk på kvart ord.


– Ho har gutevenner, leikar i skogen, er med faren på jakt og er så open mot alle ho møter. Tek alle «inn», på eit vis.

Sara blir mjukare og litt melankolsk i stemma.

– Men gradvis, så opplever eg at fordi andre rundt seier at: Nei, slik kan du ikkje vere, sånn kan du ikkje føle, det kan du ikkje gjere ... Så blir ho påført meir og meir skam. Som gjer at ho blir veldig angstfylt. Og det synest eg er så trist! At ho ikkje kan få gifte seg med Erlend, som ho elsker. Det at ho endar opp med å gå i kloster, at ho skammar seg for vala ho har tatt ... Denne skamma blir påført utanfrå. Det blir pålagt henne av andre.



Sara Khorami spelar rolla som Kristin Lavransdotter både som barn, ung, vaksen og middelaldrande. Preben Hodneland spelar rolla som hennar store kjærleik, Erlend Nikolausson.



– Eg håpar det blir slik at ein kan kjenne seg igjen i det, og at ein glimtvis kan få kjensla av at «Men dette er jo mitt liv!». Det er målet.

På Kristins tid kunne ein ikkje følge hjartet og gifte seg med kven ein ville, men kjærleik har menneske til alle tider kunna kjenne.

– Kva for plass har eigentleg kjærleiken i dag?

Sara søkk ned i stolen.

– Å, ja. Eg vil seie ... At den er alt. Altså vi menneske angår kvarandre. Dine val påverkar meg. Mine val påverkar deg. Er vi ikkje her berre for å bli elska og elske tilbake, da? Eg tenkjer at alt vi gjer, er basert på det. Å bli elska og sett. Og når vi ikkje gjer det, så går det gale. Skikkeleg gale. Trur eg. Ja, eg tenkjer det. ●



SARA KHORAMI (f. 1987)

- Studerte ved skodespelarlinja ved Norsk Institutt for Scene og Studio frå 2009 til 2010.
- Student ved teaterutdanninga Det Multinorske ved Det Norske Teatret frå 2012-2015.
- Knytt til Det Norske Teatret sidan 2015. Fast tilsett sidan 2019.
- Roller ved Det Norske Teatret i utval: *Dotter i huset* i *Kven er redd?*, hovudrolla i *Herr marmelade*, Solveig i *Peer Gynt* og tittelrolla i *Antigone*.
- Har hatt store roller i filmene *Ingenting å le av*, som ho vann Amandapris for, og *Full dekning*.
- Hadde ei stor rolle i TV-serien *Heksejakt*, som ho vann Gullruten for. Andre seriar ho har vore ein stor del av er *Besatt*, *Post Mortem: Ingen dør på Skarnes* og *Made in Oslo*.
- Hausten 2022 kjem NRK-serien *Etterglød*.







Med distanse som signatur

Sven Haraldsson er scenografen som både forskjønnar og trashar scenerommet. Den ferske heddaprisvinnaren er hyra inn for å gjere begge delar i haustens storsatsing på Hovudscenen.


Av Ida Michaelsen // Foto Eirik Malmo

Det måtte kanskje ein svenske til for å tore å fjerne tidskoloritten frå *Kristin Lavransdotter*. Å forkaste mellomalderens estetikk når sjølve arvesølv i norsk litteratur no finn vegen til storstova på Det Norske Teatret igjen, krev eit visst mot. Eller kanskje utanlandsk nonsjalandse? Når teppet går opp for Sigrid Undsets storverk 10. september vil det ikkje vere ein kjortel, eit vevd ullplagg eller eit lafta hus å sjå. Borte er skinnsko, belte og sverd. I staden er scenen eit plastdekt rektangel omkransa av tre enorme projeksjonsdukar. Publikum skal få den intime opplevinga i nærbilde på skjermen, samstundes som dei kan følge handlinga i større utsnitt/format gjennom spelescenane på golvet. Og mellom scenen og publikum heng eit gjennomskiktig plastforheng.

Løfte fram kvinnelivet

Den ansvarlege for det heile, Sven Haraldsson, ler ubekymra på spørsmålet om han veit kva han gir seg ut på no. I *Kristin Lavransdotter* har Undset skildra tidsriktige mellomaldermiljø så levande og korrekt at generasjonar av lesarar VEIT korleis ho budde, korleis ho kledde seg, kva dei åt og drakk, ja, nærast korleis dei lukta. Men Sven er ikkje redd for å vende om på konvensjonane.

– *Kristin Lavransdotter* er jo framfor alt eit nærportrett av eit kvinneliv. Tidlegare teateroppsetjingar har gjerne latt det mellomalderske få ligge litt i forgrunnen. Og kanskje har ein i større grad gløymt bort det som handlar om det kvinnelege livet. Vi forsøker å gjere tvert om, reint visuelt. Alt det som



– Så på eit sett er alle teater heilt like,
på eit anna sett heilt ulike.

ligg langt tilbake i tid, det bryr vi oss ikkje om. Vi forsøker å kome til denne forteljinga om denne fascinerande kvinna gjennom teksten. Vi skal ikkje flytte historia, men vi arbeider i den aller enklaste av teaterformene, der eit visst tal på skodespelarar møtest og saman formidlar historia.

– Men vi skal også lage ei veldig fysisk framsyning. Det er slik Undset skildrar livet til Kristin. Det er ei kvinne som føder barn, som ammar, som får kroppslege problem. Det er kropp, fysikk, det er kjøtt og blod. Og samstundes er utfordringa at vi er på denne enorme scenen med eit utruleg stort publikumsamfi. Vi vil jo også skape ei form for intimitet og nærleik. Tanken er å arbeide med at vi ser ned

på den store scenen. Men i spelescenane er det eit videokamera som gjer at vi kan kome nært på andlet og uttrykk og slikt som ein ofte mister i teatersalen. Det ser vi parallelt på skjermene.

Avgjerande møte

Vi har tatt turen inn i teatersalen og tittar på dekorasjonen som er i ferd med å bli bygd. Hovudscenen, ein av Nordens største teaterscenar, er arenaen der dei tre romanane om Kristin vil bli spelt i løpet av ein kveld. Men også kvar for seg, for dei som vil splitte opp teaterbesøket. Regien er ved Kjersti Horn, som Sven Haraldsson trefte som ung student ved Dramatiska Institutet i Stockholm.

– Under utdanninga blei eg kjent med Kjersti, og også Erik Hedin som er lyddesignar på framsyninga. Og der starta eit livslangt, håpar eg, samarbeid. Det var fantastisk å få gå på ein slik skole. Ein møter andre, og oppdagar at teaterarbeidet er annleis enn ein kanskje trur. Eg var opptatt av estetikken og det ytre, men lærte meg raskt at eg som scenograf eigentleg må vere med å samarbeide, snarare enn å finne på ei rekke dekorasjonar. Styrken ved nettopp denne skolen var å få arbeide tett med alle andre som legg premissa for oppsetjingane. At eg ikkje sat for meg sjølv og bygde modellar, heilt avskoren frå andre funksjonar.

Etter utdanninga har Sven fått store oppdrag og har etter kvart fått heile Norden som arbeidsstad. Det er eit liv på stadig reise. Og det er eit liv der det berre er plass til jobb. Teater. Og jobb. I Oslo den eine perioden, med overlapp til Helsingfors den neste, så Bergen, deretter Stockholm. I helgene går turen til Malmø, der kjærasten bur. Sjølv har han adresse i Stockholm og har hatt det sidan han reiste frå Jönköping som 19-åring. Han voks opp som sistemann i ein syskenflokk på tre i ein vanleg arbeidarklassefamilie. Som yngst fekk han mykje merksemd og støtte av foreldra. Som femåring blei han tatt med på sirkus og fekk også sitt første møte med ein tryllekunstnar. Der og da blei livet endra. Han sette i gang eigne framsyningar, faren fekk bygge scenar og mor sydde kostyme. Så oppslukt blei han at han skaffa seg eit namn som tryllekunstnar og turnerte Norden alt som barn. Svenix var kunstnarnamnet. Hovudnummeret var i grunnen å stå på scenen. I fine klede. Pengane kom godt med, så det blei vanskeleg å

fase ut denne karakteren. Først etter vidaregåande avvikla han karrieren som tryllekunstnar.

– Det var ein så stor del av barndommen min. Eg slutta først da far min blei sjuk og seinare gjekk bort. Dette var noko foreldra mine og eg delte, som det jo er om ein spelar ishockey eller går på ski også, det blir eit familieprosjekt.

Sjølv om faren ikkje lenger kan følge Sven gjennom yrkesvegen, så er mora framleis del av verksemda hans. Ho skjøttar rekneskapen hans og har gjort seg nødvendig i liva til barna sine.

Arbeidsfellesskap på tvers av arbeidsplassar

Dei første ti åra etter utdanninga var Sven Haraldsson husscenograf på Stockholm Stadsteater under leiing av Benny Fredriksson, ein sjef han omtalar som både enormt inspirerende og veldig krevjande.

– Det har prega mitt syn på teater. Og det har prega mitt syn på korleis eit teaterhus skal drivast. Det hadde mange ulemper, han dreiv teateret så hardt, men det var så enormt vitalt og levande.

På det meste var det eit titals langtidstilsette scenografar ved teateret og like mange instruktørar. Eit stort og fruktbart arbeidsfellesskap med kollegaer.

– I dag som frilansar treffer ein jo aldri kollegaer. Men den gongen sat vi i same korridor, og vi alle svor og var forbanna for at føresetnadene var feile, at dekorasjonen aldri blei ferdig i tide, og vi må utsetje premieren.

Men det gjorde vi aldri. Det var lærerikt. Første året gjorde eg kanskje to produksjonar, nokre år seinare var eg oppe i 8 – 10.

Ti år på same teater var fint. Men det som stimulerer Sven Haraldsson mest no er nettopp å kome til nye stader, nye teater, nye miljø. Å ha ein del teater som han jamleg har oppdrag ved.

– Visse saker er heilt umoglege ved nokre teater, men dei går heilt fint å gjere på neste. Det finst vanskar på alle stader, men det finst også mange moglegheiter, og dei ser



Samarbeidet med Kjersti Horn strekker seg heilt tilbake til studietida. Det har blitt mange store og prisvinnande teaterframсыningar av vennskapet og arbeidsfelleskapen mellom dei to.

annleis ut på ulike teater. Så på eit sett er alle teater heilt like, på eit anna sett heilt ulike. Derfor er det stimulerande. Fokuset mitt blir derfor berre på min produksjon.

No er det berre Kristin Lavransdotter og livet hennar som tar plass i hovudet hans.

Den vakre distansen

Saman med Kjersti Horn forskar han også i korleis kontakten mellom scenen og publikum oppstår. Dei har hengt eit kjempestor transparent plastfor-teppe mellom salen og skodespelarane, noko som gjer at skodespelarane blir ekstra medvitne på kvar dei er og kvar publikum er. Og ved at det finst ein ytterlegare mur å sprengje gjennom, ved det at skodespelarane blir stengt inne på scenen, håpar Sven at det skal skape ein større nærleik. Fordi dette hinderet finst, så må dei arbeide enda hardare.

– Kjersti tolkar det annleis igjen, for henne handlar det om slik ho opplever sjølv livet, om å vere innestengd i sin eigen kropp, at ein alltid har eit hinder som ein må arbeide med, slå seg gjennom. Vi gjer det påtakeleg at det finst ein motstand, og da kanskje ein anstrenger seg litt ekstra, både på scenen. Og i publikum.

Litt som når ein går på gata ein mørk kveld og kikkar inn i bustader, avsluttar Sven Haraldsson.

– Når ein ser bustader utanfrå, er dei som regel vakrare. Distanse skaper nyfikne, alle ting som har frosta filter får ein mystikk over seg. Det blir nesten litt romantisk. Men når ein først kjem inn i bustaden forsvinn mykje av det der. Eg er litt glad i den distansen. ●





Opprør eller underkasting?

Kvinnesyn og katolisisme i *Kristin Lavransdotter*

Av Christine Hamm

I år er det 100 år sidan *Korset* kom ut, det siste bandet i trilogien om *Kristin Lavransdotter*. Eit slikt jubileum inviterer til refleksjon: Er verket framleis aktuelt? Dei fleste som kjenner til den storslegne tusen sider lange mellomaldertrilogien av Sigrid Undset, hugsar best den delen av historia som blir skildra i *Kransen*. Der beskriv ho kjærleiken mellom bondedottera Kristin og riddaren Erlend. Kristin trassar klostermurane og forbodet frå faren, for å treffe sin utvalde. Som mange romantiske verk sluttar det første bandet i trilogien med at dei elskande får kvarandre. Inneheld romanane om Kristin då ikkje meir enn ei tradisjonell kjærleikshistorie? Er kvinnesyntet i trilogien utdatert?

I samtida og seinare er Sigrid Undset blitt omtala som antifeminist. Anna Caspara Agerholdt skreiv i 1937 i *Den norske kvinnebevegelsens historie* at vi lett kan forklare antifeminismen til Undset med dei konservative synsmåtane hennar og overgangen til katolisismen. Susanne Knudsen hevda i antologien *Kvinnesyn – tvisyn* frå 1982 at verket om Kristin er farleg, fordi det forfører kvinner til eit reaksjonært kvinnesyn. Kristin blir nemleg skildra positivt i rolla

som husfrue, kone og mor. Også i dag blir det skrive studentoppgåver som åtvarar mot romanane til Undset. Unge forskarar påpeiker at mennene i verket dreg ut i verda, mens kvinnene er heime. Kristin sin uttala lengt etter ein herre blir trekt særleg fram og forklart med den katolske oppsedinga hennar.

Bøker skrivne av Borghild Krane, Liv Blikrud, Sigrun Slapgard og andre viser at Undset kritiserte kvinnesakskvinner lenge før ho vart katolikk. Første gongen gjorde ho det som ung kontordame i eit innlegg i Aftenposten i 1904, seinare i essaysamlinga frå 1919, *Et kvinnesynspunkt*, for å nemne noko. Undset oppfatta kvinnesakskvinner som naive fordi dei ikkje aksepterte den sterke seksualiteten til kvinner. Ho reagerte på kvinnesakskvinner som oppmoda til fødselsstreik og seksuelt avhald. Kvinnekroppen og behova han har, såg ho som ei utfordring kvinner måtte ta omsyn til, vi kunne rett og slett ikkje ignorere kroppsforskjellen. Dette gjorde ho også svært tydeleg i skildringa av Kristin. Trilogien inneheld mange scenar der Kristin oppdagar at kvinnekroppen nettopp er ei utfordring.

Eit vesentleg aspekt ved kvinnekroppen er til dømes at han kan bli gravid, og moderskap er derfor eit viktig emne. Mot slutten av *Kransen* forstår lesaren at Kristin skal få barn. Under førebuingane til bryllaupet med Erlend kjenner ho seg dårleg. Ho må stadig kaste opp fordi ho ikkje toler lukta av maten. Ho er sint på Erlend, som har fått henne til å gløyme seg, slik at ho har hamna i denne latterlege situasjonen. Ho får seg ikkje til å fortelje at han skal bli far, fordi han ikkje tok omsyn til at ho hadde den kroppen ho har, ein kvinnekropp, som kan bli gravid. Ho har blitt medviten ein forskjell, og forskjellen er nettopp kjønnsforskjellen. Ho har ein annan kropp enn mannen har, og ho blir på ein annan måte gjort ansvarleg for det barnet som veks i kroppen hennar.

Kristin oppdagar at ho er kroppsleg åtskild frå mannen ho elsker. Ho forstår at dei to ikkje er eitt, men nettopp to, som må anstrenge seg for å gjere seg kjent for den andre, no som dei er blitt gifte. Denne innsikta kjem på same tid som det går opp for Kristin kva graviditeten har å seie for henne og han. Erlend reagerer forferda og forvirra når han får vite om dette for tidlege barnet, og får seg ikkje til å kommentere saka med eit ord. Dette står som eit skilje mellom ektefolka, og Kristin synest det er ille at han ikkje vil anerkjenne kor vondt ho har det.

Kristin forventar at Erlend skal ta sin del av ansvaret for henne og barnet. Barnet er noko han har medverka til, sjølv om ho ber det i sin kropp. Men han vil ikkje dele ansvaret for det, og ho blir stengd inne i lag med barnet. Dei er ein kropp, Erlend er ein annan. Fordi foreldra ikkje snakkar med kvarandre, blir det trekt eit skilje mellom mora sin kropp og faren sin kropp, og barnet er



nødvendigvis på mora si side av avgrunnen. Undset skildrar med andre ord ein situasjon som er attkjenneleg i dag. Det er framleis vanskeleg for ei kvinne å skulle akseptere at den kroppslege forskjellen betyr at ho har mest ansvar for barnet. Samlivet mellom menneska er organisert slik at kroppen på dette tidspunktet kan bli lagnaden til ei kvinne.

Lenger ute i det andre bandet, *Husfrue*, kjem det til ein avgjerande krangel mellom Kristin og Erlend. Dottera til Erlend, Margret, er blitt oppdaga med ein gift mann om natta, og Erlend har drepe mannen og fått dotter si gift med ein rik belar. Historia får fram att det gamle agget i Kristin. Ho hugsar på alt det gale Erlend har gjort mot henne i si tid, skamma han har valda henne. Ho er dessutan trøytt fordi



ho ammar barn og passar gardsstellet, mens han dreg omkring i byen og ikkje bryr seg om å hjelpe til heime. Ho klandrar han for å ikkje strekkje til. For Kristin er skuffa over Erlend. Ho har ønskt seg ein mann å sjå opp til, men ho oppdagar at det ikkje finst nokon å sjå opp til, iallfall ikkje ein mann. Orda om at ho ønskjer seg ein herre, som ho slengjer mot han, skriv seg frå ein lengt etter underkasting – ei underkasting som ho opplever som umogleg. Kristin sitt ønske er at det måtte finnast nokon ho kunne underkaste seg, nettopp fordi ho overalt støyter på det middelmåtige og det uverdige.

Erlend på si side forstår ikkje dette. Han dreg frå Kristin i sinne og trøystar seg med ei anna kvinne, fru

Sunniva. Ho forråder han, slik at han blir tatt til fange når det politiske spelet han er med på, blir avslørt. Avsløringa er hemnen frå fru Sunniva straks Erlend angrar seg og dreg tilbake til Kristin. Først når livet hans står i fare kjenner Kristin at ho framleis elsker han, og ho ber Gud om å bevare han. Likevel er ikkje alt bra når han omsider blir sett fri frå fengselet. Dei har mista den store garden hans i Trøndelag og bur i lag på Jørundgard i Gudbrandsdalen, Kristin sin arv. Kristin tar over heile gardsstellet, og det er også ho som veit kva som skal til for å få arbeidet gjort. Ho vil i alle fall bevare denne garden til sønene. I det tredje bandet, *Korset*, er ho redd for at det skal skje noko med dei, fordi dei no er store. Nåkkve flyg etter jenter og set barn på ei tenestejente, mens

Ivar og Skule driv ugagn og ter seg ikkje. Kristin kjenner seg åleine med gardsarbeidet og er uroa for barna.

Ein ny krangel fører til at Erlend dreg til Haugen, den einsame fjellgarden han har arva etter tanta si, Åshild. Det går år og dag, men Erlend kjem ikkje tilbake til Jørundgard, og Kristin dreg ikkje til Haugen. Presten minner henne på at ho må vere i lag med mannen sin, men ho høyrer ikkje på han. Ho gjer opprør mot presten si lære, ho kan ikkje underkaste seg. Først når Simon, som ho i si tid var trulova med, bed henne på dødsleiet sitt om å bli forlikt med Erlend, greier ho å overvinne stoltheita si og dra til Erlend. Ho blir tatt vel imot, og dei to eldre finn einannan slik dei fann einannan i unge dagar. Men Kristin insisterer på at ho må tilbake til Jørundgard. Igjen gjer ho opprør mot Erlend, og mot den katolske presten sitt krav om samlivet og underkastinga. Ho opplever ansvaret som mor større enn kjærleiken for mannen.

Erlend er på ingen måte den sterke i forholdet Undset teiknar i trilogien. Sjølv om Undset har lagt trilogien til mellomalderen, viser ho ikkje fram ein kvinneleg hovudperson som underkastar seg. Kristin nektar å gjere som mennene ventar av henne. At Kristin også gjer opprør mot faren, er dei fleste som kjenner til romanen, klar over. Kristin vil ikkje gifte seg med Simon, mannen som Lavrans har trulova henne med. Allereie før ho møter Erlend, er ho misnøgd med faren si avgjerd. Ho nektar å underkaste seg, men den einaste moglegheita hennar er å be om eit år i kloster. Og sidan, når faren nektar å gi samtykke til bryllaupet, er ho klar på at ho ikkje lar seg knekke. Lavrans og Kristin er like sta. Det er når veslesøstera Ulvhild dør,

at Lavrans endrar seg. Han toler ikkje å miste fleire barn.


Styrken til Kristin viser seg ikkje berre i opprøret mot Erlend, mot Lavrans, mot Simon, og i hennar evne til å styre garden. I første delen av *Korset* blir sonen til Simon, Andres, svært sjuk. Kristin blir som kyndig slektning henta for å hjelpe til. Men ho kan ikkje hjelpe Andres med medisinen og pleia si. Simon er frå seg, for dette barnet elsker han høgt. Kristin trur at om ho reddar Andres, får ho betalt tilbake litt av det ho skuldar Simon, for at han har hjelpt henne fleire gonger i livet. Derfor vender ho seg til heidensk skikk, ho vil vende døden frå barnet. Dette er eit klart brot på den kristne læra. Det betyr at ho ikkje vil underkaste seg Guds plan.

Igjen er det på ingen måte ei svak kvinne Undset teiknar. Kristin underkastar seg ikkje for mykje, ho nektar tvert om å leve opp til andre sine forventningar. Kristins problem er heller, skal vi tru skildringa til Undset, at ho er for sterk, at ho ikkje har grenser. Det er nemleg fordi Kristin er så opprørsk, fordi ho har så vondt for å avgrense lengslane sine, begjæret sitt, viljen sin, at Kristin treng nåde frå Gud. Slik sluttar ialfall dette romanverket. Kristin erkjenner sjølv i dødsaugneblinken at ho var så heldig å bli halden fast i ei pakt med Gud sjølv om ho heile tida nektar å underkaste seg. Katolisismen kjem mot slutten inn som eit forløysande ord, ikkje fordi Kristin er svak og underkastar seg, men forbi ho er sterk og heile tida må gjere opprør.

Det spennande med romanen til Undset er med andre ord at katolisismen blir til eit slags svar på feministisk fridomstrong: Det er nåden som hjelper den frigjorde, sterke kvinna til å finne fred.

Katolisismen krev ikkje underkasting, men blir eit svar på ein lengt den opprørske kvinna har. Vidare viser romanverket at kvar gong Kristin gjer opprør, skuldast det kroppen hennar, sanselegdomen hennar. Når ho gjer opprør mot faren, er det fordi ho elsker Erlend, ho vil ha han for alt det er verdt. Når ho gjer opprør mot bondesamfunnet og Simon, er det fordi kroppen hennar lengtar etter noko anna, ho keiar seg. Når ho trassar klostermurane, er det fordi ho er sanseleg. Når ho kranglar med Erlend, er det fordi ho meiner ho som mor blir ståande åleine med ansvaret for barna.

Med trilogien om Kristin viser Undset at kvinnekroppen både gjer mogleg og avgrensar ei kvinnes prosjekt, for å formulere det med Simone de Beauvoirs argumentasjon i *Det annet kjønn*. Kvinnekroppen er hos Undset ikkje framstilt som om han er lagnaden til kvinna. Han framstår som ei utfordring kvinna må ta omsyn til. Derfor er det framleis givande å lese dette verket: Undset gjer merksam på dei mange ulike prosessane kvinnekroppen inngår i. Mellomalderromanane om *Kristin Lavransdotter* gir oss klarleik i kor avgjerande kjønnsforskjellane er i livet vårt. •











Opplev meir av teaterframsyninga når du kjem heim! Les programmet digitalt!

Gjennom tekst, video og bilde kan du få djupare innsikt og ei større oppleving av teaterframsyninga du skal sjå - eller alt har sett!

Legg til programmet i handlekorga og bruk koden **Kristin**, så blir det gratis.





Publikumstjenesten

Kristin Lavransdotter : av Sigrid Un



22g099566

**DET
NORSKE
TEATRET** |  **OBOS**

DETNORSKETEATRET.NO

Facebook · detnorsketeatret Twitter · @detnorsketeatre Instagram · @detnorsketeatret

